

Referat frå møte i Brukarutvalet i Helse Bergen

Tid og stad	Onsdag 22.01.25 kl. 09-14, Finstua, Bikuben kurs- og konferansesenter
Til stade	FFO: Eli Sjo, Michael Sønnesyn, Marianne Sundvor, Maria Stokke Mindestrømmen, Lene Nilsen, <u>SAFO</u> : Christel Bersaas-Nesse, <u>Pensjonistforbundet</u> : Torveig Botnen, <u>Prolarnett</u> : Christine Lønne, <u>Kreftforeningen</u> : Terje Thue (vara). <u>Seksjon for samhandling</u> : Merete Eide Hernes og Randi Bjørgen Johannessen (referent)
Fråvær	Renate Toft (SAFO), Atle Grung Eide (Kreftforeningen), Everline Mjømen (Vestland Innvandrerråd)

Sak	Saka gjeld
25/01	<p>Velkommen til nytt Brukerutval v/administrerande direktør Eivind Hansen og viseadministrerande direktør Clara Gram Gjesdal.</p> <p>Administrerande og viseadministrerande direktør nytta høve til å ønskje nye og gamle representantar velkommen. Brukarutvalet er rådgjevande organ for administrerande direktør og styret ved Helse Bergen HF i brukarrelaterte spørsmål , og leiinga er oppteken av at brukarane kjenner seg involvert. Vidare er dei opptekne av å ein god dialog, då Brukarutvalet har ei stemme det er viktig å lytte til. Styremøte i Helse Bergen er opne og blir strøymde, slik at publikum kan følgje møta.</p> <p>Brukarane i Helse Bergen vil vere involverte i planlegging av tiltak og tenester som har noko å seie for pasientane.</p> <p>Gjennomgang av Plakaten 2025 for Haukeland universitetssjukehus, som er ei vidareføring frå Plakaten 2024.</p> <p>Innspel i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Har Plakaten for mykje fokus på somatikk?</i> - <i>Leggje til eit punkt om Psykisk helse og rus?</i> - <i>Leggje til eit punkt om Ventetidsløftet.</i> - <i>Fokus omkring haldningar til kjønn og kjønnsroller. Korleis blir dei møtte? Pronomen HEN- fokus på korleis ein møter denne gruppa.</i> <p>Avgjerd:</p> <p><i>Brukerutvalet takkar leiinga for informasjonen og ser fram til eit godt samarbeid og konstruktiv dialog også i 2025.</i></p>
25/02	<p>Arbeid i Brukarutvalet v/leiar Eli Sjo</p> <p>Eli informerer om at prosjekt <i>Better brukarmedverknad</i> i Helse Bergen (2020-2022) har bidrige til positiv utvikling for brukarmedverknad.</p> <p>Det er i etterkant av prosjektet oppretta ein digital kanal for å melde inn saker om brukamedverknad som behandlast av Prioriteringsteamet. Leiar og nestleiar deltek saman med Ungdomsrådet, Lærings- og meistringssenteret (LMS) og ulike brukarpanel og møtest ein gong per veke for gjennomgang, sortering og fordeling av innmelde saker. Arbeidsutvalet som består av leier, nestleiar, eit medlem frå brukarutvalet og koordinator set opp ein dagsorden for neste møte i Brukerutvalet. Innkallinga med aktuelle dokument blir sende ut i forkant av møta i Brukerutvalet.</p> <p>Det er viktig med engansjement, at ein møter førebudd, at det er takhøgde og rom for ulike synspunkt.</p> <p>Brukerutvalet ønskjer å følgje opp systematisk arbeid som dei ulike representantane deltek i og ein vil leggje opp til dette på møtene fremover.</p>

	<p>Avgjerd: <i>Brukarutvalet takkar for informasjonen og tek den til orientering.</i></p>
25/03	<p>Organisering av arbeid i Helse Bergen v/rådgjevar Merete Eide Hernes. Det ble gitt ein gjennomgang av brukarmedverknad på systemnivå, tenestenivå og individnivå, korleis helsetenesta i Noreg er bygd opp og korleis Helse Bergen er organisert. Dei nye nasjonale retningslinjene for brukarmedverknad på systemnivå blei også presentert.</p> <p>Avgjerd: <i>Brukarutvalet takkar for informasjonen og tek den til orientering</i></p>
25/04	<p>Godkjenning og innkalling av dagsorden</p> <p>Avgjerd: <i>Innkalling og dagsorden er godkjend</i></p>
25/05	<p>Brukarmedverknad på systemnivå v/leiar Eli Sjo Gjennomgang av brukarmedverknad på systemnivå med fokus på:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Overordna strategi og planar - Styringsgrupper - Sentrale utval - Høyringar - Styremøte <p>Avgjerd: <i>Brukarutvalet takkar for informasjonen og tek den til orientering</i></p>
25/06	<p>Helsefellesskapet v/rådgjevar Trude Hjortland Det er lange og gode tradisjonar for samhandling og samarbeid mellom kommunar og spesialisthelsetenesta i Helse Bergens føretaksområde. I mai 2021 starta dei 18 kommunane og spesialisthelsetenesta i føretaksområde arbeidet med å etablere helsefellesskap i tråd med nasjonale føringer og lokale behov.</p> <p>Med helsefellesskapet er brukarmedverknad styrkt. I 2025 vil det jobbast med å definere kva brukarrolla inn i helsefellesskapet skal vere.</p> <p>Les om Helsefellesskapet i bergensområdet på saman.no https://www.saman.no/</p> <p>Avgjerd: <i>Brukarutvalet takkar for informasjonen og tek den til orientering</i></p>
25/07	<p>Årsplan 2025 v/leiar Eli Sjo Årsplanen for Brukarutvalget 2025 vart presentert:</p> <p>Overordna mål for Brukarutvalet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Brukarutvalet i Helse Bergen skal sjå til at pasient- og pårøyrandeperspektivet blir teke med i alle aktuelle saker i sjukehuset - Brukarutvalet i Helse Bergen har som mål å styrkje og vidareutvikle brukarmedverknad på systemnivå i 2025. <p>Særleg fokusområdet 2025:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Psyksik helsevern - Barn og unge med komplekse behov - Rehabiliteringstilbod - Prehospital plan - Helsefellesskapen

	<ul style="list-style-type: none"> - Program sentralblokka - Oppfølging av internrevisjon brukamedverknad <p>Avgjerd: <i>Brukarutvalet støttar utkast til årsplanen 2025, og at den kan sendast til føretaksleiinga og styret.</i></p>
25/08	<p>Oppnemning av nye representantar</p> <p>Leiar informerte om ulike prosjekt, råd og utval Brukarutvalet er representert i, og at desse er overordna, systemnivå. Brukarutvalet oppnemner nye representantar etter forspurnad via prioriteringsteamet og for dei utval som erstattar dei som har gått ut av Brukarutvalet 2024.</p> <p>Brukarutvalet oppnemner følgjande medlemmar til Kvalitets- og pasienttryggleiksutval (KPU):</p> <ul style="list-style-type: none"> • KPU Kirurgisk Serviceklinikk (KSK): Lene Nilsen • KPU Ortopedisk klinikk: Christel Borge Bersaas-Nesse • KPU Hode/hals: Marianne Sundvor • KPU Barne og ungdomsklinikken (BUK): Lene Nilsen • KPU Kirurgisk klinikk: Marianne Sundvor • KPU Medisinsk klinikk: Marianne Sundvor og Torveig Botnen • KPU Revmatologisk avdeling: Torveig Botnen • KPU Voss: Atle Grung Eide • KPU ReHabilliteringsklinikken: Eli Sjo • KPU Sentralt: Eli Sjo, Atle Grung Eide (møtande vara) <p>Brukarutvalets arbeidsutval: Eli Sjo, Atle Grung Eide, Christel Borge Bersaas-Nesse og koordinator.</p> <p>Til Helsefellesskapet:</p> <p>Områdeutval Bergensregionen: Christel Borge Bersaas-Nesse</p> <p>Partnerskapsmøte: Eli Sjo og Atle Grung Eide (møtande vara)</p> <p>Programstyre Sentralblokka: Eli Sjo, Atle Grung Eide (møtande vara)</p> <p>Arbeidsgruppe Møteplassen: Lene Nilsen</p> <p>Obervatør i erfaringspanelet for Psykisk helse og rus: Christine Lønne</p> <p>Styringsgruppe Neuro-SysMed: Eli Sjo</p> <p>Avgjerd: <i>Merete Eide Hernes gjer tilbakemelding til dei ulike avdelingane</i></p>
25/09	<p>Eventuelt</p> <ul style="list-style-type: none"> • Invitasjon til Brukarmedverknad i medisinsk og helsefagleg forsking, • Orientering om høyring <p>Forslag til endringar i Helsetilsynsloven:</p> <p>Ny leiar i Brukarutvalet har delteke på høyringsmøtet om forslag til endringar i Helsetilsynslova, med frist for innspel 20. januar 2025. Juleferie, overgang til nytt Brukerutval og kort svarfrist har bidrege til at dei nye medlemmene dessverre ikkje har vore involverte i denne saka. Leiar har i samarbeid med ny nestleiar gitt eit kort innspel til høyringsutkastet til Helse Bergen som vart lesen opp i møte.</p> <p>Avgjerd: <i>Brukarutvalet takkar for informasjonen og har tillit til innspelet som er sendt Helse Bergen i denne saka.</i></p>

